



Mottakernavn
Adresse
Postnr Poststed

Saksbehandlar, innvalstelefon

INNSENDING AV VERJEREKNEKAP FOR 2019

I Fylkesmannen sitt register er du oppført som verje med rekneskapsplikt. Det betyr at du er pliktig til årleg å sende inn fullstendig verjerekneskap til Fylkesmannen for ditt/dine verjeoppdrag der det er rekneskapsplikt. Dette følger av verjemålslova § 53 og verjemålsforskrifta § 20. Fristen for innsending av verjerekneskap 2019 er 30. april 2020.

Fylkesmannen føretrekkjer digital innsending, og oppfordrar alle verjer til å sende inn verjerekneskapen via Altinn. I Altinn fyller du ut skjema for Fullstendigheitserklæring GA-8042 og legg ved skattemeldinga, årsoppgåver, kontoutskrifter, og eventuell annan rekneskapsdokumentasjon som vedlegg. For direkte lenke til skjema og instruksjon for utfylling og innsending, sjå www.vergemal.no/vergeregnskap. Du kan også gå inn direkte via www.altinn.no og velje tema «Vergemål» under «Skjema og tjenester».

Viktig å hugse på ved innsending via Altinn:

- Bruk din eigen elektroniske ID ved innsending av verjerekneskapen og ikkje ID til den du er verje for.
- Send inn **komplett** verjerekneskap via Altinn når alle aktuelle dokument og vedlegg ligg føre. Bruk korrekt kategori for vedlegga du legg ved. Dersom du legg alle vedlegg på same kategori vil du kunne få purring på manglande innlevering.
- Ved innsending via Altinn skal du ikkje sende papirkopi i tillegg.

Du er pliktig til å sende inn følgande dokument for kvart verjemål med rekneskapsplikt, til Fylkesmannen innan **30. april 2020**:

Fullstendigheitserklæring

Du skal svare på alle punkt. Fullstendigheitserklæringa vert ikkje godkjent dersom dette ikkje er gjort.

Dersom fullstendigheitserklæringa vert sendt inn på papir skal du føre på dato og underskrifta di.



Skjemaet kan ikkje fyllast ut før verjehavar si Skattemelding for 2019 føreligg.

Skattemelding (gjeld ikkje mindreårige utan eiga likning)

Du skal sende inn kopi av skattemeldinga (tidlegare sjølvmeldinga) til personen du er verje for. Du må sjølv kontakte Skatteetaten eller Difi for å få tilgang til skattemeldinga for den/dei du er verje for, dersom du ikkje får denne digitalt eller i posten. Nærare forklaring av framgangsmåte finn du på www.vergemal.no. Det er ikkje tilstrekkeleg å sende inn verjehavar sitt skatteoppgjer.

Dersom det vert gjort endringar på skattemeldinga, sender du kopi av den korrigererte versjonen til Fylkesmannen. Dersom du sender inn slik korrigert skattemelding, må du også legge ved kopi av den opphavlege skattemeldinga. Dette fordi den korrigererte skattemeldinga inneheld færre detaljar enn den opphavlege.

Dersom du har fått godtgjering og/eller utgiftsdekning i verjeoppdraget for 2019 og verjehavar sjølv har dekkja dette, minner vi om at du som verje må korrigere skattemeldinga til den du er verje for, fordi denne utgifta gir rett til frådrag (post 3.3.7).

Årsoppgåver

Du skal sende inn årsoppgåver frå alle bankar verjehavar har konto i, samt årsoppgåve frå spareforsikringar, fond, aksjar, obligasjonar og andre verdipapir som høyrer til verjehavar.

Du treng ikkje sende oss årsoppgåve for eventuell/e kapitalkonto/ar som Fylkesmannen disponerer.

Kontoutskrifter

Du skal sende inn kopi av kontoutskrifter for alle kontoane du har disposisjonsrett til i verjemålet. Kontoutskriftene skal dekkje alle månader og skal sendast inn sjølv om det ikkje har vore rørsler på kontoen og sjølv om du som verje ikkje har brukt kontoen. Alternativt må det leggjast fram dokumentasjon frå bank på at det ikkje har vore rørsler på konto i 2019. Kontoutskriftene skal sendast i banken sitt eige format. Det vil sei at dei skal vidaresendast i det formatet du får dei frå banken (ikkje kopierast over i word, excel eller liknande). Kontoutskrifter skal sendast for alle aktuelle månader du har vore verje i perioden 01.01.19 til 31.12.19.

Det er ikkje tilstrekkeleg å sende inn transaksjonsoversikt frå konto/nettbank. Det er viktig at transaksjonar på kontoutskriftene vert gjort forstålege for Fylkesmannen og revisor, slik at det går fram kva midlane er brukt til.

Dersom tekst ikkje forklarar kva transaksjonen gjeld, skal forklaring noterast på kontoutskrifta. Alle kontantuttak må forklarast på kontoutskrifta. Du kan eventuelt bruke pkt. 5.11 i fullstendigheits-erklæringa, eller legge ved forklaring på eige ark.

Vi minner om at verjehavar sine inntekter skal innbetalast til konto i hans eller hennar namn, og ikkje til verja sin konto.

Ei verje kan berre disponere inntil 199 716 kroner (tilsvarande 2G) samla på vegne av verjehavar. Overskytande skal overførast til ein kapitalkonto som Fylkesmannen skal forvalte på vegner av personen. For nærare informasjon om dette, sjå www.vergemal.no eller kontakt Fylkesmannen.



Dersom det er utvida rekneskapsplikt i eit verjemål, skal Fylkesmannen i tillegg til den ordinære verjerekneskapen, også ha tilsendt kopi av rekneskap for drift av eigedom og/eller den aktuelle nærings-/ ervervsverksemda. Det er normalt tilstrekkeleg å sende inn kopi av likningspapir/skjema som gjeld næringa og som følgjer med verjehavar si skattemelding. Frist for innsending av utvida verjerekneskap er 30. juni.

For ordens skuld gjer vi merksam på at du som verje med rekneskapsplikt, skal oppbevare alle kvitteringar og vedlegg knytt til verjemålet i minst tre år. Kvitteringar og vedlegg skal ikkje sendast til Fylkesmannen.

Eventuelle søknadar om Fylkesmannen si godkjenning, førespurnadar, meldingar, honorarkrav, eller anna, må sendast separat – og ikkje leggest ved verjerekneskapen.

Vi ber om at fullstendig/samla rekneskap som forklart over vert sendt Fylkesmannen via Altinn innan 30. april 2020.

Dersom du vel å sende inn verjerekneskapen på papir skal den sendast i ein samla konvolutt til adressa under. Ver merksam på at det ikkje skal vere stiftar eller binders på det du sender inn. Vi ber om at dokumenta då vert sendt samla til Fylkesmannen i Vestland innan 30. april 2020.

Dersom noko er uklart, ber vi deg ta kontakt med Fylkesmannen så snart som mogleg. Telefonnummer til verjemålsseksjonen er 55 57 23 00, og vi har telefontid måndag – onsdag kl 1200 – 1400. Du kan også ta kontakt via «Melding til Fylkesmannen» som du finn på vår nettside www.fylkesmannen.no/vestland.

Bokmålversjon av dette brevet finn du på nettsida vår. Der finner du også bokmål- og nynorskversjon av skjema «Fullstendighetserklæring» og «Framsida for skanning, som berre skal nyttast dersom verjerekneskapen vert sendt i brevpost.

Med venleg helsing

Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen i Vestland, Verjemål, Postboks 7310, 5020 Bergen